

Gud signe Norigs land,
kvar heim, kvar dal og strand,
kvar lund og lid!
Han lat det aldri døy,
han verje bygd og øy
han verje mann og møy
til ævleg tid!

Men landet dei hev rudt,
det vil me verja trudd
til siste stund.
Vår elsk og beste agt,
vårt liv og all vår magt
skal vera Norigs vakt
til siste stund.

Her stig det stort og blått
vårt fagre heimlands slott,
med tind og tårn.
Og som det ervdest ned,
alt fagrar' led for led
det byggja skal i fred
åt våre born.

Siste jul i trelldom !

Det vart i år ei tung jul i mange heimar. Dei siste månader og ve-ker har vore ei einaste lang og mørk lusinatt, då mørkemaktene har herja og laga sorg og sakna i tusental av heimar rundt om i landet vårt. I by og bygd har uhyggja breidt seg etter kvart som meldingane kom om nye arrestasjonar, nye rassi-ar.

Sjøl om mange var førebudde på at uværet var ventande, magta fienden å bryta inn i rekkene våre, og som så ofte før, riva med seg mange av våre beste. Denne jula som vi alle veit er den siste vi skal oppleve i ufred og trelldom, vart serleg tung fordi vi nett nå har hat dei største tapa på heimefronten. Nye tusener av fangar til dei ti-tusener som før sat inne, må halda jul under politiopsyn og gestapo-terror.

Tankane går derfor serleg til alle våre landsmenn som set inne sperra av fienden. Dei som har sete i fleire år i dei tyske fengsel og konsentrasjonslagra og lengta etter ei fri julehelg der dei kunne få vera saman med sine. Og dei som nyss er komne i fiendens klø og som kjenner størst sakna fordi fridomen var så nær.

Vi tenkjer og på alle dei ute og heime, som fører kampen mot fienden, på land og på sjø, kvar på sitt frontavsnitt. Og vi tenkjer på dei som set att i heimane og må sakna sine kjære.

Det er ikkje mange trøysteord ein kan gjeva. Trøysta ligg i den overtyding vi alle har, at dei alle har gjort sin store innsats for folket sitt og landet. At det i alle undertrykte land, set mødre, syst* kin, slekt og vener, som på same måte saknar sine som har sett alt inn i kampen for fridomen. Vi veit at fridomsgagen snart vil renna for alle som set innesperra, då dei høgreste kan marsjere ut av fengsla og konsentrasjonslagra, ut til eit fritt land, til folket sitt, ikkje berr til heim og huslyd, men til heile folket, som dei i desse trengsels-åra har vore dei beste representantar for.

Trøysta ligg og i eigen innsats for å halda fram med arbeide dei andre ikkje vann fullføra, innsats i det daglege livet og strevet slik at kvar og ein kjenner seg medveten om at han er med og vinn at fridomen for landet. Dermed lettar ein og på beste måte våre fengsla landsmenn. Dersom alle vil gjera sin innsats, kan vi med ljost sinn s sei farvel med krigsåret 1944, og gå med friskt mot og humør inn i eit fritt, godt og lukkeleg nytt år for landet vårt.

God jul alle lesarar av Gjallarhorn !

Pliktene for alle.

Under dei rassistar og arrestasjonar som har vore i byen og utover på landsbygda har folket stort sett vist ein fast holdning når gestapo kjem. Ja, ofte har dei vore betre enn både dei sjøl og andre hadde venta. Ofte vider det seg at når fåren verkeleg er der, tar folk det med større ro, er kaldare og tettare enn dei sjøl på førehand hadde tenkt. Den hjelp og vilje til hjelp som ein har sett i denne tida, viser at toet i folket er godt. Og det varmer hjarta til alle landmenn som må stikke av, når dei møter slik velvilje og offervilje.

Jamt over er folk villige til å ta både resiko og økonomiske tap for å hjelpa landsmenn som er i naud.

Men det er ikkje alle som er villige. Det er nemleg ein type so berre er villige til ein ting, nemleg å prate. Dei må absolutt ut med at dei veit noko, eller anar noko. Spør du slike folk om ei handsrekning og litt hjelp, er det nei i neven. Dei kryp ihop i feig redsla då men straks det er spørsmål om prat og sladder, om kvar den eller den held til, eller om den og hin som har stukke av, -då er dei frampå med heile brøstet.

Vi vil gjerne gjera merksam på at dei ikkje må leva i den trua at vi ikkje er klar over sladderer deira, og dei kan lita seg på at dei skal få løn for arbeidet sitt dei og. Vi har her i Gjallarhorn offentleggjort ein del namn på svartehandlarar bondeflåarar. Men vi kan og ta opp ein del namn på desse pratarane, dersom dei ikkje vara seg for framtida.

Til deg som veit noko, eller trur deg å veta noko, vil bi sei: Hald det for deg sjøl. Du skal ikkje snakka om det til Nokon, ikkje ti beste venen din, ikkje til kona di. Snakk aldri om slike ting innan familien.

Brotsmenn.

Vi offentleggjorde for ei tid tilbake, namn på nokre brotsmenn mellom bøndene, som hadde slit maten or munnen på det norske fol til fienden. Vi held idag fram med lista over liknande brotsmenn, men denne gongen fra andre lag av folket. Dei fortener å koma på prent.

Handelsmann Amandus Jakobsen, Salhus, som har fiske og kjøtforretning, selde heile sumaren og hausten rasjonert og urasjonerte varer underhand til tyskarane. I juni, då det var uråd for folket i Salhus å få tak i middagsmat, smugla Jakobsen lo kassar sild om natta fram til tyskarane. Då potetene kom dreiv han på same måte smughandel med dei til fienden. Leif Solberg er kjend for smughandel med tysken. Det same gjeld Harald Austbø som nå ror seg iland. Alf Falkanger formidlar for dei som sjøl ikkje har vilja dreve med smughandelen. Handelsmann Einar Nilsen er kjend for handel under disken til råprisar, t.d. 45-50 kr pakka for tobakk. Elles er Øyvin Jakobsen, Nils Salhus, Magnus Låstad og Karl Reigstad slette papirer når det gjeld handel med tysken.

Dersom desse folka fortset med trafikken sin kan straffa verta hardare. Vi vil seinare halda fram med lista over slike brotsmenn til dess kvar einaste svarthandlar har fått svidd av seg dei pengegriske klørne sine.

Krigsnytt.

I Belgia og Luxemburg har tyskarane gått vidare fram på same deler av fronten, men har vorte stogga i andre avsnitt. Dei tyske styrkene som er sett inn i denne offensiven er 13-15 divisjonar, der av 5-6 panserdivisjonar. På enkelte avsnitt har dei gjort stygge innbrot, men farten i offensiven er nå sett mykje ned. Alt tyder på at det er ein fredsoffensiv på same måte som Ludendorf sin i 1919. Vi veit alle korleis den enda.

I Tjekkosllovakia har russarane vidare framgang, og det vert meldt at tyskarane er på fullt tilbaketog i søre Slovakia. Elle er de ikkje nemnande endring på austfronten.

I Jugoslavia har Titos styrker større framgang. Ein tysk alpejegardivisjon er omringa og sletta ut.